



## Månadsbrev for Perlene oktober 2014



Då er me klare for haustmånaden oktober ☺

Me kjenner at haustveret er kome og veret skiftar veldig. Gode skifteklede i skapet blir satt stor pris på! Fint om ekstra hue, vetter og tjukk dress og kan ligge klar etterkvart.



Temaet i månaden som kjem er **Jesus sitt liv**. Me på Perlene skal snakke om Jesus og foreldra hans. Me ynskjer at borna skal få meir kjennskap til Jesus sitt liv og virke. Det er mykje å fortelje som skjer "mellom jul og påske", og me ynskjer å gi borna eit meir heilheitleg bilete av personen Jesus. Me avsluttar tema med utstilling på kjøkkenet i barnehagen. Me brukar formingstida på planen til å lage utstillingen. **Utstillingen er open onsdag 29. og torsdag 30. oktober mellom kl.14.30-16.00.** Me ynskjer foreldre og sysken velkomne innom når det passar!



Me øvar og på "vær-så-god", "takk", "takk for maten", "ja-takk og nei-takk" denne månaden. Me har og fokus på fargen "gul".

Dykk kan og sjå at me har starta opp med "være sammen" samlingar. Gjennom desse samlingane vert borna betre kjende med Regnbueløva og kva den står for. Kort sagt handlar samlingane om sosial kompetanse, det å vera gode med kvarandre. Personalet held fram med å ha fokus på den autoritative vaksenstilen. Les gjerne meir om "være sammen" på heimesida vår [tryggheim.sky1.no](http://tryggheim.sky1.no)



Me har ekstra fokus på **leik** dette barnehageåret, på **foreldremøte 21. oktober** kjem Signe Lise Frøyland og snakkar om nettopp dette tema.

Solveig og Kristina ynskjer hjarteleg velkomen til forledresamtalar, liste med tider heng i gangen.

**Me minnar om planleggingsdag 6.okt. Barnehagen er stengt denne dagen.**

Helsing oss på Perlene

Jeanette, Kristina R., Hilde, Dorthea, Julie, Solveig og Kristina M.

